



Lindås kommune

Att:

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## Lindås kommune - Uttale til 1. gangs høyring og offentlig ettersyn av kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031

Vi viser til brev frå Lindås kommune datert 02.07.2019 om ovannemnde sak.

### Planprosess og medverknad

Fiskeridirektoratet region Vest kan ikkje sjå at vi har fått varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplanen. Vi har dermed ikkje kome med innspel til kommunedelplanen.

### Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

### Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Vedlagt er eit kartutsnitt av registreringar i området Knarvik, Alversund og Alverstraumen. Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finn de i kartløysinga på Fiskeridirektoratet si heimeside [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no). Kartløysinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokalitetar kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.

Innspel og kommentarar til kommunedelplanen:

*Fiskeriinteresser og marint biologisk mangfald*

- Plankartet

Vi ser positivt på at de har sett av registrerte fiskeområde, gytefelt og rekefelt som einkategori Fiske. Det er registrert eit korallrev nordvest for Tjuvholmen, sørvest for Radtangen. Vi ber om at plassering og omfang vert nærare undersøkt med

Havforskningsinstituttet, som har registrert korallrevet. Behov for omsynssone bør fastsettast og vurderast etter nærare kontakt med HI.

- Føresegnene

Det er positivt at det er knytt føresegner til områder sett av til fiske og at desse er tydelege på at det ikkje kan tillatast tiltak som er til ulempe for utøving av fiske eller som kan hindre torsken sin gytesuksess innanfor området. Vi er også glade for at det kjem fram at Fiskeridirektoratet skal høyrast ved regulering av sjøområde og tiltak i sjø. I føresegnene § 3.5.8. *Gyteområde* og § 3.5.9. *Trålfelt for reke* må det heller stå at søknadar om tiltak i eller i nærleiken av felta skal leggast fram for Fiskeridirektoratet for uttale, ikkje fiskeridirektøren.

Når det gjeld korallrevet nemnt ovanfor, kan dette leggast under omsyn naturmiljø (H560).

### *Akvakultur*

- Plankartet

Vi kan ikkje sjå at det er lagt på omsynssone rundt eksisterande akvakulturlokalitetar, slik det står i føresegnene. Korleis skal dette synleggjerast? Elles framstår i utgangspunktet plankartet som tydeleg på kva områder som er sett av til akvakultur, men vi tykkjer det er vanskeleg å finne igjen føremålet kombinerte føremål akvakultur og farlei. Dette gjer seg kanskje ikkje gjeldande i denne kommunedelplanen, då det ikkje vert lagt opp til nye område for akvakultur i Knarvik-Alversund?

Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal til akvakultur slik at ein unngår dispensasjonssøknadar om det er behov for justeringar av anleggskonfigurasjonar (til dømes overgang frå kompakte stålanlegg til meir plasskrevjande plastringanlegg). I denne kommunedelplanen gjer dette seg gjeldande for område sett av til akvakultur på lokaliteten Ramsvik. Området i arealplanen som er sett av til akvakultur stemmer ikkje med tillatelsen til anlegget. Dette bør justerast slik at den faktiske plasseringa til anlegget ikkje vert liggande utanfor område satt av til VA. Vi minner også om at fortøyingar ofte strekk seg utanom område sett av til akvakultur.

- Føresegnene

Det bør framgå av føresegnene at fortøyingar til akvakulturanlegg/havbruksanlegg kan strekke seg utanom område sett av til akvakultur, men ikkje inn i område sett av til einkategori fiskeområde. Fortøyingar som strekk seg inn i reketrålfelt vil vere til hinder for tråling.

Vi kan ikkje finne føremålet FAK (område med potensial for akvakultur) i plankartet, og vi går derfor ut frå at dette føremålet ikkje er aktuelt for denne planen. Dersom dette er tilfelle bør det som står om FAK i føresegnene takast ut. Dette vil gjere at planen vil bli klarare.

Vi føreset at våre innspel vert tekne til følgje og ber om å få tilsendt vedteken plan. For spørsmål knytt til vår uttale kan de ta kontakt med sakshandsamar.



Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ina Giil Solheim  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Lindås kommune

Felles postmottak  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003 BERGEN

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Kystverket


Postboks 1502

6025 ÅLESUND

**Vedlegg**

Kart kommunedelplan Knarvik Alversund





# Tegnforklaring



## Fiskerihavner

-  Fiskerihavner

## Anløpskai fiskeri

-  Kai

## Israndavsetninger

-  Israndavsetning
-  Israndavsetning



## Gytefelt torsk MB

-  Gytefelt torsk MB

## Korallrev

- 

## Israndavsetninger

-  Israndavsetning
-  Israndavsetning

## Gytefelt torsk MB

-  Gytefelt torsk MB


## Gyteområder

-  Gyteområde


## Oppvekst - beiteområde

-  Oppvekst - beiteområde


## Fiskeplasser - Aktive redskap

-  Fiskeplass - aktive redskap

## Fiskeplasser - Passive redskap

-  Fiskeplasser - passive redskap

## Rekefelt - Aktive redskap

-  Fiskeplass - aktive redskap

## Låsettingsplasser

-  Låsettingsplasser

## Skjellforekomst

-  Skjellforekomst

## Stortare

-  Tare

## Akvakultur - lokaliteter

-  Godkjente lokaliteter